

# **INNKALLING TIL MØTE I FORSKNINGS- OG FORMIDLINGSUTVALGET**

**TIRSDAG 28.3.2017 kl. 12.15 – 14.00**

**Stad:** Rom 326 HF-bygget

**Innkalt:** Anne Beate Maurseth (leiar), Helge Sandøy, Henning Laugerud, Christine Hamm, Anders Strand, Gunnstein Akselberg, Synne Ytre Arne og Sunniva P. Johansen.

**Skrivar:** Anne Berit Apold

**Saker:**

- I Godkjenning av innkalling
- II Framlegging av referat frå møtet 3.2.2017 ([lenke til referatet](#))
  
- 7. LLE sin strategi for forskning og forskarutdanning – diskusjonssak
- 8. Stipendiatheimlar og eventuell omgjerung til post.doc – diskusjonssak
- 9. Orienteringssaker:
  - a) Plagiatkontroll
  - b) Prosess mot FRIPRO
  - c) Rettleiarseminar
  - d) Cristin-registrering
  - e) Status for arbeidet med vurdering av søkjarar til 4 stipendiatstillingar
  - f) To stipendiatar i mellomalderforskning til LLE
  - g) Evaluering av humanistisk forskning i Norge v/ NFR (HUMEVAL)
  - h) Storingsmelding om humaniora
- 10. Ymse

23.3.2017 ABA

## SAK 7 LLE sin strategi for forskning og forskarutdanning – diskusjonssak

Strategisk plan for LLE 2016 – 2022 vart vedtatt på møte i IR 26.1.2017 (sjå vedlegg). Strategien har konkrete mål for forskning og forskarutdanning, og FFU har fått i oppgåve å følgja opp dette og lage ein handlingsplan. Saka vert i fyrste omgang lagt fram til drøfting i FFU.

I «Strategisk plan for LLE 2016–2022», er måla for **forskinga** på instituttet formulert slik i del IV Konkrete mål (utdrag frå strategien er markert i kursiv):

*Mål: oppretthalde og vidareutvikle forskning av høg kvalitet:*

- *LLE legg til rette for at både enkeltforskarar og grupper av forskarar kan utvikle gode forskingsprosjekt som det er mogeleg å gjennomføre innanfor ei planlagd tidsramme.*
- *Forskargruppene ved LLE har ei formålstenleg organisering og sentral status i prosjektinnhenting og prosjektgjennomføring. Instituttet oppmuntrar til tverrfagleg forskingssamarbeid.*
- *LLEs vitskapleg tilsette prioriterer publisering i godkjende kanalar nasjonalt og internasjonalt og har ein plan for forskning og publisering.*
- *Forskningspubliseringa ved instituttet har høg fagleg kvalitet. Open tilgang og publisering i akkrediterte kanalar er viktige verkemiddel for å nå dette målet.*
- *LLE samarbeider med Universitetsbiblioteket, fakultetet og andre avdelingar om utvikling og forvaltning av forskingsressursar og annan infrastruktur i lys av fakultetets arkiv- og samlingsstrategi. LLEs fagmiljø er ei fagleg drivkraft i utviklinga av desse ressursane.*
- *LLE støttar internasjonalt forskingssamarbeid, forskingsopphold i utlandet og mottak av internasjonale gjesteforskarar.*

Instituttet sin handlingsplan for forskning skal bygga på desse delpunkta, og FFU inviterast til diskutera kva som er status, kva utfordringar ein har og kva som er ønskeleg å oppnå innanfor kvart einskild punkt.

I tillegg vil særskilt følgjande spørsmål krevja ein grundig gjennomgang:

Forskargruppene: fremjar dagens luftige struktur forskning av «høg kvalitet»?

Publisering: korleis møta krava om sam-publisering og meir publisering på nivå 2?

Plan for forskning og publisering: kva skal innhaldet vera, og korleis skal ein følgja opp?

Interne forskingsmidlar: innføra kriterium som understøtter måla for forkinga?

I «Strategisk plan for LLE 2016–2022», er måla for **forskarutdanninga** på instituttet formulert slik i del IV Konkrete mål (utdrag frå strategien er markert i kursiv)

*Mål: tilby forskerutdanning på høgt internasjonalt nivå som sikrar kandidatane akademisk utvikling og gjennomføring på normert tid*

- *LLE tilbyr eit attraktivt forskarutdanningsmiljø både for nasjonale og internasjonale forskarrekruttar.*
- *LLE kvalifiserer kandidatar til forskarutdanninga gjennom mastergraden og motiverer dei beste studentane på lågare grad til å halde fram med ein doktorgrad.*
- *Ph.d.-kandidatane får tilbod om god fagleg og sosial integrasjon, både når det gjeld opplæringsdelen og arbeidet med avhandlinga, gjennom tett samarbeid mellom rettleiar, forskargrupper og forskarskulane ved instituttet.*
- *Instituttet oppmuntrar til, og hjelper til med å organisere, lengre utanlandsopphald for ph.d.-kandidatane. Kandidatane får også hjelp til å etablere annan kontakt med internasjonale forskingsmiljø.*
- *Alle ph.d.-kandidatar får tilbod om minst éin hovudrettleiar og minst éin siderettleiar. Rettleiarane får tilbod om tilrettelagd opplæring.*
- *LLE legg til rette for aktiv karriereplanlegging for ph.d.-kandidatar og legg vekt på å synleggjere arbeidslivsrelevansen ved ph.d.-graden.*

**Foreløpige kommentarar:**

Utanlandsopphald krev god planlegging og nye stipendiatar/ph.d.-kandidatar vert oppmoda om å ta til med planlegging av eit eventuelt utanlandsopphald så tidleg som mogleg, særskilt i samband med planlegging av pliktarbeidet. LLE hadde i nokre år ei raus ordning med reisestøtte for stipendiatar, og relativt mange stipendiatar har vore på lengre utanlandsopphald med økonomisk støtte frå instituttet. Ordninga er avvikla i 2017 pga den økonomiske situasjonen.

Sidan 2014 har nye ph.d.-kandidatar og hovudrettleiarane deira vorte informert om at ph.d.-kandidatar som hovudregel skal ha to rettleiarar. Dei aller fleste ph.d.-kandidatar som er tatt opp frå og med 2012 har ein hovudrettleiar og ein siderettleiar. For eksterne hovudrettleiarar vert det oftast laga avtale om honorar.

Med bakgrunn i strategien må instituttet laga ein plan for forskarutdanninga og ein kan drøfta kva som er status ved LLE i høve måla, kva er utfordringane og korleis kan instituttet gå fram for å nå måla i strategien?

FFU vert i fyrste omgang invitert til eit ope ordskifte om oppfølging av strategien for forskning og forskarutdanning ved LLE. Etter kvart må det gjerast ein større arbeidsinnsats kring oppfølging av strategien i ein handlingsplan. FFU har ansvar for dette.

## **SAK 8 Stipendiatheimlar og eventuell omgjerung til post.doc – diskusjonssak**

Instituttet kan sjølv avgjera å gjera ein stipendiatheimlar om til ein postdoktor-heimlar. I ein situasjon med mange nye ph.d.-kandidatar ved instituttet og mangel på/få postdoktorar, er det aktuelt å vurdera omgjerung av stipendiatheimlar til postdoktorheimel/-heimlar. Dette skal i utgangpunktet ikkje kosta instituttet noko ekstra (1 stipendiatheimel = 1 postdoktorheimel).

Fakultetet har gitt signal om at LLE har inntil fire ledige stipendiatheimlar for utlysing og tilsetting i 2017. Desse kjem i tillegg til dei fire stipendiatstillingane som er lyst ut tidlegare, med planlagt start 1. august 2017. Instituttet får òg to stipendiatar i mellomalderforskning i vår (lyst ut ved fakultetet), samt ein stipendiat knytt til Språksamlingane. I tillegg får me 1-2 nye gjennom samarbeid med Bergen museum og i tillegg moglegvis 1-2 finansierte av NFR.

Totalt sett får LLE mange nye ph.d.-kandidatar i 2017. Det ligg også an til relativt mange nye doktorar ved LLE i 2017. Det har vore 3 disputasar så langt i 2017, fem avhandlingar er til vurdering og fem ph.d.-kandidatar har gitt signal om at dei planlegg å levera inn avhandlinga si før sommaren. Slik sett vil det kunna verta mange søkjarar til postdoktor-stilling(ar) ved instituttet.

Dersom ein vel å gjera om ein eller fleire av stipendiatheimlane til postdoktorheimlar, må det vurderast om postdoktorheimlane skal øyremerkast eller ikkje. Ved LLE har det vanlegvis vore open utlysing av stipendiatstillingar/postdoktorstillingar. Ved opne utlysingar får ein søkjarar innanfor mange av instituttet sine fagområde, og det vert søkjarmassen som styrer kva fagområde stillingane vert knytt til. Det vert argumentert for at opne utlysingar i større grad sikrar at sterke søkjarar melder si interesse for stillingane, medan ein ved øyremerkte stillingar i større grad risikerer at det ikkje melder seg relevante eller sterke nok søkjarar. Berre unntaksvis har ein lyst ut øyremerkte stillingar etter særskilte behov ved instituttet. Om ein vel å øyremerka stillingane, vil dette vera eit strategisk grep for å styrka nokre av fagmiljø ved instituttet. Kva kriterium skal i så fall gjelda for øyremerking; rekrutteringsbehov i faget, ekssesellens i ulike fagmiljø eller eventuelt andre kriterium?

FFU vert invitert til å drøfta om instituttet bør gjera om ein eller fleire av stipendiatheimlane til postdoktor-heimlar om postdoktor-heimlane bør øyremerkast og i så fall kva kriterium som bør gjelda for øyremerking?

## SAK 9 Orienteringssaker

**a) Plagiatkontroll av doktoravhandlingar** (munnleg orientering v/Anne Berit)

**b) Prosess mot FRIPRO** (munnleg orientering v/Håvard)

**c) Rettleiarseminar** (munnleg orientering v/Anne Beate)

**d) Cristin-rapportering 2016** (munnleg orientering v/Håvard)

**e) Status for arbeidet med vurdering av søkjarar til 4 stipendiatstillingar** (munnleg orientering v/Anne Beate)

**f) To stipendiatar i mellomalderforskning til LLE**

Fakultetet lyste i 2016 ut stipendiatstillingar i mellomalderforskning. To av desse stipendiatane er tilsett i 4 år med tilknytning til LLE. Juliane Tiemann tek til i stillinga 1. april og Zuzana Stankovitsová byrjar 1. juni. Odd Einar Haugen og Eike Schnall er hovudretteleiarar for desse stipendiatane.

**g) Evaluering av humanistisk forskning i Norge v/NFR (HUMEVAL)** (munnleg orientering v/Anne Beate)

**h) Stortingsmelding om humaniora**

Kunnskapsministerens presentasjon av de viktigste tiltakene i Stortingsmeldingen om humaniora, under Kunnskapsdepartementets konferanse 22. mars. Anne Beate orienterer.